



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Hellås og Handeland entreprenør AS

Heio 42

5452 Sandvoll

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2026/2619-7	«REF»	22.05.2026

## Tilsynsrapport - terrengplanering industritomt - 143/222

### Saksopplysningar:

Saksnummer: 2026/2619

Tiltak: Planering industriområde

Tiltakshavar: Hellås og Handeland Entreprenør AS

Ansvarleg søkjar: Bo-plan Audun Skeie

Tidspunkt for tilsynet: Tirsdag 20.05.2026 kl. 10:00

Tilstades:

Arve Handeland, tiltakshavar

Natalie Martins Sæberg, Kvinnherad Kommune

Svein Marken, Kvinnherad kommune

### Bakgrunn for tilsyn:

Søknad journalført 20.04.2026 om tiltakstype vesentleg terrenginngrep der areal på like under 7da skal planerast. Det er to nabomerknader til tiltaket, og frå desse kjem det fram at truleg store deler av tiltaket allereie er utført. Del av gjeldande tilsynsstrategi for 2025-2028 i Kvinnherad er oppfølging av ulovleg etablert bruk av bygg/tiltak. Med dette som bakgrunn vart det 08.05.2026 sendt varsel om tilsyn til ansvarleg søkjar og tiltakshavar.

**Observasjon:**

Arealet på om lag 7 da er i all hovudsak ferdig planert. Tiltakshavar opplyste at matjorda er teken vare på og nytta som voll (bilde under) på den høgaste planerte del av område. Det er vidare opplyst at det i det stort sett er nytta stadeigne sand massar, samt noko massar frå tomteutgravinga til nytt støypereri på Hydro Husnes. Desse massane er opplyst testa og funne reine. Det er opplyst at det ikkje er køyrd massar ut av området.

Området sett frå vest mot aust



Området sett frå nord mot sør



Fyllingsfoten mot gbnr.143/31 er nær /i eposedoms grensa, medan fyllingsfoten mot gbnr. 143/3 er i/over eposedomsgrensa. Eigar gbnr. 143/3 har bekrefta at fylling over grensa er ok.

Jordvoll mot gbnr. 143/31



Fylling med toppdekke jord mot gbnr. 143/3



Tiltakshavar opplyste at område skal nyttast til oppstillingsplass for føretaket sine køyretøy/anleggsmaskinar, og at det førebels ikkje føreligg planar om bygging på arealet. Tiltakshavar opplyser at fylling mot gbnr. 143/3(bilde over til høgre) er stein og sand med toppdekke av jord.

Bygging av ny trafostasjon(Statnett)med tilhøyrande linjer vil med sikringssone gjer at deler av gbnr. 143/222 ikkje kan nyttast og tiltakshavar opplyste at det no planerte område fekk dei kjøpa som tilleggsareal/kompensasjon for tap av areal, og at arealoverføringa er søkt om og gjeve løyve til.

Før evt. endeleg ferdigstilling med asfalt på område er det nytta knust asfaltmasse som topplag. Overvatn er i periodar ei utfordringar og kummar/sluk lyt evt. etablerast ved ferdigstilling av arealet.

### Konklusjon:

Storleik på arealet og avvik frå opprinneleg terreng på 5-6m på det meste gjer at tiltaket er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak( § 20-3 tiltak).

Planeringsarbeidet er i all hovudsak gjort ferdig utan at det er gjeve løyve, og er soleis ulovleg.

Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-3 fyrste avsnitt seier fylgjande om retting av ulovleg forhold: *«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid.»*

Tiltaket er søkt om 20.04.2026, og det vil i denne saka etter ei heilheitsvurdering ikkje bli gjeve pålegg om stans eller opphøyr av bruk av arealet, ref. pbl. § 32-4.

Vurdering og krav om ytterlegare dokumentasjon blir del av byggesøknadshandsaming.

Kommunen vil i saka vurdere overtredelsesgebyr, og de vil bli varsla før eventuelt vedtak om dette blir gjort, ref. pbl. § 32-8.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Svein Marken  
*Rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Natalie Martins Sæberg

Rosendalsvegen 10